



Avdeling for sivilsamfunn og idrett SI1  
Kulturdepartementet  
0030 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/137 - 16/5350

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

10.03.2016

## Søknad om dispensasjon frå storleik speleflate, kunstgrasbane ved Vestbygd skule i Meland

Nordre Holsnøy idrettslag førebur i desse dagar søknad om spelemidlar til kunstgrasbane 30x50m ved Vestbygd skule i Meland kommune. Førebels totalkostnad ligg på kr 1 400 000 og idrettslaget har øvrig finansiering til tiltaket, inkludert mellomfinansiering av spelemidlar. Tilskotsytarar til bana er, utover idrettslaget sjølv, mellom anna Meland kommune, Trond Mohn-fondet, Gjensidigestiftinga og FAU ved skulen. Idrettslaget har disposisjonsrett til grunn i 30 år, stadfesta av Kommunestyret i Meland som grunneigar. Bana vert prosjektert av Kjartan Dalstø ved LAB, som vil stå for anleggsarbeidet. Tiltaket er festa i kommunal plan for idrett.

Det vil vere vanskeleg å få plass til full banestorleik, total flate 36x56 m, utan å gjennomføre omfattande terrenginngrep. Utover å medføre store kostnader vil ein og komme i konflikt med gangveg, skulebygg og skråning mot fylkesveg. Det vil i praksis ikkje vere råd å gjennomføre baneutbygginga i full storleik.

I spørsmålet om å søkje tilskot på redusert storleik, kom det innspel frå Hordaland fotballkrets. For dei er det ønskjeleg å oppretthalde full sikringssone, men heller gå ned noko på sjølve speleflata. Dalstø ved LAB finn det mogleg å etablere total flate på 34,5x54,5 m. Med full sikringssone vert speleflata 28,5 x 48,5 m. Dette vil fotballkretsen godta til å gjennomføre kampar.

Grunnlaget for å byggje bana er for å skape gode høve for trening og kampfasilitetar for dei yngre laga som høyrar heime i Vestbygd skulekrins. Leirdalen idrettsanlegg, som er hovudanlegget til idrettslaget, ligg 8 km nord i Rosslund skulekrins, utan gang og sykkelveg mellom dei to krinsane. Busstilbodet er òg svært mangelfullt. Tettstaden rundt skulen har eit innbyggjartal på kring 550 og det er konkrete utbyggingsplanar i området. Meland kommune har hatt ein svært høg folkevekst dei seinare tiåra. Ei kunstgrasbane i området vil vere svært positivt for å oppfylle nasjonale, regionale og lokale mål for aktivitetsnivå blant barn og unge.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Konklusjon:

Meland kommune og Nordre Holsnøy idrettslag vil søkje om unntak frå krav til tildelinga av spelemidlar til kunstgrasbane med speleflate 30x50m, og få dispensasjon til å etablere speleflate 28,5x48x5 m, total flate 34,5 x 54,5 m.

Vedlagt finn de:

- Fagmessig utført teikning av bana
- Baneskildring
- Situasjonkart for bana si plassering mot skulen
- Behovsoppgåve frå leiar i idrettslaget
- Uttale frå Hordaland fotballkrets

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
kulturkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Baneskildring  
Uttale Hordaland fotballkrets  
Situasjonkart  
Baneteikning  
NHIL\_behovsoppgave\_Vestbygd\_mars16

**Kopi til:**

Daniel Storholte Kristiansen

Kulturdepartemen 0030  
tet

OSLO

**Mottakere:**

Avdeling for sivilsamfunn og idrett  
SI1

Kulturdepartemen 0030  
tet

OSLO